

Eda
-P.H.
Sp

Landbruks- og matdepartementet
Statsråd: Lars Sponheim

KONGELIG RESOLUSJON

Ref.nr.: 08/05

Saksnr: 2005/00028

Dato: 11.03.2005

Utnevnning av jordskiftedommar ved Nord-Østerdal jordskifterett

Embetet vart lyst ledig i Norsk lysingsblad med søknadsfrist 28.01.05.

Etter søknadsfristens utløp har det meldt seg ein søkjar. Søkjarlista følgjer vedlagt. Jordskifterettsleiar Ivar Sund og jordskiftedommar Harry Tjernstad føretok intervju av kandidaten. I medhald av personalreglementet er søknaden lagt fram for innstilling- og tilsetjingsrådet i Jordskifterettane for uttale.

På bakgrunn av jordskifterettsleiar sin skriftlege uttale og innstilling- og tilsetjingsrådet sin uttale føreslår departementet følgjande rangering:

1. Søkjar nr. 1. Anne Jorde.

Søkjar nr. 1 Anne Jorde, 41 år. Søkjar er utdanna jordskifte kandidat ved Norges Landbrukshøgskole frå 1994. Jorde har dei to siste åra vore tilsett som overingeniør ved Nord-Østerdal jordskifterett. Utover dette har ho jobba innan fagområdet hjå både NSB, Lier kommune og Jernbaneverket. Jorde får gode referansar frå sin nåverande arbeidsgjevar. Ho har god og relevant praksis og vert oppfatta som fagleg dyktig. Jorde har også gode personlege eigenskapar og jobbar grundig og nøyaktig.

Landbruks- og matdepartementet

tilrår:

Utnevnning av overingeniør Anne Jorde til jordskiftedommar ved Nord-Østerdal jordskifterett med tiltreding frå det tidspunkt departementet bestemmer.

*Statsministerens kontor
Bifalt ved
kongelige resolusjon*

11. mars 2005

Foredratt av statsråd Draum

Lars Sponheim